



forum for  
natur og friluftsliv  
Møre og Romsdal

Klima og miljødepartementet (KLD)

Dato: 11.11.2020

*FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF skal engasjere seg i saker som påverkar natur og friluftslivet i fylket. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre friluftsråd, fylkets tre turistforeiningar, fylkets 4 speidargrupper og Møre og Romsdal 4H tilslutta forumet. Totalt representerer desse organisasjonane mange medlemmer med ei stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.*

### **Avhending av forsvarets eigedom på Ørskogfjellet jfr Avhendingsinstruksen**

Vi viser høring om avhending jfr Avhendingsinstruksen av Forsvarets eigedom på Ørskogfjellet, Ørskogfjellet gml skytebane, med høringsfrist 12. nov. 2020.

Denne uttalen er diskutert med Sunnmøre Friluftsråd etter å ha gått gjennom alle dokument gitt oss av Forsvarsbygg samt gjennomgang av einskilde kommunale sakspapir.

Sist gong vi var i dialog med Forsvarsbygg ved ein liknande sak der det var store allmenne friluftslivsinteresser, var ved avhending av Julneset i Molde kommune. Dette vart ein suksess og er i dag ein av dei mest brukte friluftsområda i Molde kommune (sjå <https://faktaark.naturbase.no/?id=FS00001876>).

Slik vi har forstått denne saken er det mogleg at forsvarets eigedom «Ørskogfjellet skytebane» med gnr 692 bnr 49 og gnr 694 bnr 6,29 kan bli overført til eit anna departement om det er fagleg gode grunnar til det. Vi meiner at det er gode faglege argument til at nettopp dette konkrete arealet bør overførast til Klima- og Miljødepartementet grunna friluftslivsinteressene. Vi vil i det følgjande prøve å grunngje dette:

Ørskogfjellet er eit hovudutfartsområde sommar og vinter for ei større befolkning i Møre og Romsdal. Arealet ligg i fjellet i overgangen mellom regionen Romsdal og Sunnmøre der Sunnmøre er den delen av fylket som er tettast befolka. For dei som ikkje har økonomi til å kjøpe hytte langt i veg eller har økonomi til å fare langt er Ørskogfjellet realistisk å nå i på dagsturbesøk for ei større befolkningsgruppe.

Verdien av området knytt til friluftsliv blir også poengtert i avhendingsbrevet frå Forsvarsbygg der dei skriv under punkt 3.8 under friluftslivsregistreringar mellom anna; «*området er mye brukt turområde sommer- og vinterstid.*»

Mot grensa til nabokommunen i aust (Vestnes kommune) er det sikra eit parkeringsareal frå før som sikrar turparkering for den austlege delen av Ørskogfjellet (sjå



forum for  
natur og friluftsliv  
Møre og Romsdal

<https://felles.naturbase.no/api/dokument/hent/39128.PDF> og  
<https://felles.naturbase.no/api/dokument/hent/39118.PDF>).

Det som har vore eit sagn i mange år er moglegheita for ein turparkering også vest på Ørskogfjellet ved Fjellstua. Området ved Fjellstua er ein lett veg inn turområdet både mot sør inn til Haugsetra/Måslia og nordover inn i Svartløken/Solnørvassdraget og turmoglegheitene der.

Vi meiner at no er det eit framifrå høve til å sikre ein FRILUFTSPORT med moglegheiter for turparkeringsareal og ei helseløype nettopp her på arealet til den gamle skytebana. Vi grunnar dette med;

- Avkøyrseplan ved Fjellstua er avklart med vegmyndigheitene og bør ikkje vere noko begrensande faktor.
- Den gamle skytebana er sanert etter alle spelereglar av Forsvarsbygg og er tilbakeført til ein tilfredsstillande naturkvalitet til å nyttast til friluftsliv.
- Arealet er hovudsakleg flatt og opnar opp for god universiell tilnærming og gir grunnlag for å lage ei helseløype slik vår fylkeskommune ønskjer fleire av på rett stad (sjå <https://mrfylke.no/kultur-folkehelse-og-tannhelse/folkehelse-idrett-og-friluftsliv/friluftsliv> ).
- Det ligg anleggsveggar att på området som gir godt grunnlag for ei helseløype/folkesti lett tilgjengeleg for dei som treng turvegen mest og der det gir størst folkehelsegevinst.
- Staden er den optimale staden for ein FRILUFTSPORT nettopp slik Miljødirektoratet/Friluftsrådenes Landsforbund vil ha dei; « *Friluftspor er tilrettelagte friluftsområder som i tillegg er innfallspor til større natur- og friluftsområder. Friluftspor er tilrettelagt for naturopplevelse, friluftsliv, lek, trening og sosialt samvær. Friluftspor skal være lett tilgjengelige og gi informasjon om naturkvaliteter og friluftsmuligheter på stedet og i omkringliggende områder.*»
- Denne FRILUFTSPORTEN vil vere ein del av eit større samanhengande turområde Ørskogfjellet/Svartløken/Solnørvassdraget og vil følgje Miljødirektoratet sin vegleiar M-1292- 2019 Plan for friluftslivets ferdselsårer.
- Vi har i vårt fylke mange populære statleg sikra friluftsområde og ein del av desse er turparkeringsplassar. Fylkesmannen har markert at desse turparkeringsplassane skal prinsipielt vere gratis knytt til ålmentas sin tilgang til lovleg fri ferdsel jfr friluftlova. Ved å sikre dette arealet vil ein syte for at det ikkje blir pengeboka som styrer kven som stoppar bilen og går tur i framtida på Ørskogfjellet. Vi viser her til



forum for  
natur og friluftsliv  
Møre og Romsdal

vårt skriv til Vestnes kommune av 05.04.2019 (sjå vedlegg) som viser nett problemstillinga med gratisprinsippet i friluftsløva.

- Eit moment er også at kommunane tilgrensande utfartsområdet Ørskogfjellet har utarbeida ei felles arealplan for nettopp dette området for å sikre friluftslivverdiane i området. Kommunedelplana for Solnørvassdraget, vedteken første gong i 1991 og sist gong i 2006 som no gjeld Ålesund og Vestnes kommunar, er laga for nettopp for å verne om vassdraget og friluftslivsinteressene.

Vi har teke oss den friheita å lage eit utkast til forvaltningsplan for dette arealet for å synleggjere behovet for å sikre arealet til føremål friluftsliv.

### Konklusjon

Ut frå dei store ålmenne regionale friluftslivsinteressene på Ørskogfjellet ber vi no om at eigedomen Ørskogfjellet gamle skytebane blir overført til Klima- og Miljødepartementet frå Forsvarsdepartementet.

Ingbjørn Bredeli  
Koordinator Forum For Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal

Vedlegg:

Brev frå FNF Møre og Romsdal til Vestnes kommune av 05.04.2019: Friluftsløva - betaling for parkering  
Utkast til forvaltningsplan Ørskogfjellet gml skytebane

Kopi:  
Forsvarsbygg  
Miljødirektoratet  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal  
Møre og Romsdal fylkeskommune  
Ålesund kommune  
Vestnes kommune